

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lekvik

Emne: Bordstikk til Kvar-Bygdela

Oppskr. av: Johannes Hagen <sup>dags</sup> Gard: Røstad nordre

(adresse): Lekvik

G.nr. 34 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Jeldre vil bort maten laga i kjøkenet og ete i stova, no blir den for det meste både laga og ete i kjøkenet.

1/ Ja, dei sat ved matbordet til alle måltider når det bort ete i stova; men i onnue kunne det stundom bli bore mat ut på jorde, klot stugårdmat, dersom det var langt å gå heim.

2/ Ja, Ja.

3) Alle et på same tid, ein må halda "bordstikk" som det heiter.

4) Dei et alle same mat.

5) No et dei fleste ~~tyg~~ lydar i kjøkenet, men for å det dei alltid i stova. Det er vel ein 40 år sidan dei fyrste tok til å ha matbordet i kjøkenet, men enda er det nokre som held på den gamle stikken å eta i stova.

6) Dei som et i kjøkenet et alltid i stova høgtidskveldene og høgtidslagane. Husbondefolk og tenara et ved same bordet.

7) For hadde kvar sin foote plass ved bordet, no er det meir av og til

2  
2  
This bonden sat ved høgendu og så  
sat dei etter alderen medletter,  
karane på ei side og kvinne på  
andre sida av bordet.

8) Nei, det har ikkje vori vanleg skikk  
i allfall.

9) Ja, plassen er ved øvre kverrendu  
av bordet.

10) Står bordet nord-sør er plassen  
ved sørendu av bordet, står det  
aust-vest er det den austre endu,  
når det høver så at plassen ligg  
lengst frå inngangsdøra.

11) Nei, dei kunne vera nokre mårte  
på hundene når dei sat og åt.

Sidan det vart vanleg å vaska  
seg om hundene når ein skulle eta  
kan ein ikkje rekne meir enn ein  
20-25 år. Ja karane tok av seg  
håuplagget. Skikken er eldre enn  
nokre minnest no.

12) 2-4 om same grøntfotet både  
til kvardags og til gjestebod, likeså  
mjølk og suppe. Det er vel ikring  
50 år sidan det vart vanleg stutt

med felles grønt og mjølkkeopp, men  
berre ein 15-20 år sidan det vart

heilt stutt med det. Sidan dei gjikk  
over til innmanns mjølkkeoppar brukar  
dei små kruer kommar eller kaffe kopper,  
og dei er kalla for mjølkkeoppar.

Ja fyrst ein grøntbeta på skiva som  
vart duppa i mjølkkeoppen. Grøntu  
vart framleis eten likeins av dei

fleste, berre få som drick mjølke til  
grøntu, om nokre står mjølke over  
grøntu tyner og ikkje til.

5908

Emne nr 23

Bordskikk  
til kvardags.

13/ Nei, i hiffelle er det så langt  
attende i tida at ingen minnest det  
no. Grant vart aust i fat, og fisk  
og poteter i små traug. No kan  
ein ikkje seia det vart gjort nokon  
skilnad på serveringa til tilfeldige  
framande og gardfolk.

14/ Ja. Fyrst eit stykke flatbröd så  
ei tjukk potetstive så sild, fisk  
eller kjøtt, flek. og så eit flatbröd-  
stykke øyja dette, og det blir kalla  
"batta". No er det til middag, før  
og på til non. Men etterkvart som  
det blir meir og meir brukt såndre  
til kjøtt og fiskmaten kjem stikken  
"å gjar sag batta" bort.

15/ Det blir brukt, og eg veit ingen  
her som ikkje liker det.

16/ Ikkje no lenger.

17/ Ikkje når den kom i bruk, men  
til kvardags er det berre ein  
25-30 år. Ja, det tingar eg godt.

18/ At tollekniven vart brukt til  
bordkniv ligg langt attende i  
tida. Bordkniv eller "matkniv" som  
den er kalla her er brukt i lange  
tider.

19/ Ja. Den var merket med enten  
for bokstavarne til eigaren eller  
eit anna merke. Ho vart sett  
i ei sperkke i veggen over plassa  
ved bordet. Før var den laga av  
horn eller tre, no er det smeste  
altuminiumskeier som blir  
brukt til kvardag, berre nokre  
få brukar endå hornskeier.

Når dei tok til å bruke skeiene er ikkje godt å tidfeste, men for ein 70-80 år sidan var det vanleg brukt i dei fleste heimane, og da vart dei lagt i ei skeistoppe mellom måltidene.

20) Til kvardags er det vel ikring 80 år sidan, for den tid var det sålange seppjoler dei brukte å renske maten på. At dei gjekk over frå fellesfat til djupe tallerkar er vel kring 50 år (til grunnen).

Men det kan vera stor skilnase på tida i dei yngre gardar, nokre kan ha halde på fellesfat til for berre ein 30 år sidan.

21) Nei. Ja, mest bakoduk.

Vanleg tok det til å koma i bruk for omlag 30 år sidan. Er det bakduk legg du på heile tida.

22) Mest bakoduk, men trekvitt bord og måla bordplate er også i bruk.

23) ~~F~~ Kytt og flatbröd vart delt ut av husmora.  $\frac{1}{2}$  liv flatbröd til bakene og  $\frac{1}{4}$  liv til borna.

Stadferen fekk fyrst og så medletten bordet. Det vart kalla "å skift matu".

24) Smør vart skifta når det var smør til fisken, eller ikkje til annan mat.

Det vart ikkje skifta. Flatbrödet vart skifta, og stundom kyllkake og omnsbröd.

25) Både karar og kvinner fekk omlag like store porsjonar, borna noko mindre.

26) Det kan vera litt yngre etter som borna er tidlige av eller seime av seg.

Men når dei er ein 4 år greier dei seg på jammen sjålv. Ja, det blir vel i 4-5 års alderen. Mora hjelper den mindste, og har dei "barnefoster" (barnegjente) hjelper ho neste som er så liten at den ikkje greier seg sjålv. Ellers hjelper faren eller eldre skytten til.

27) Før var det vanleg brukt å gje småborna "tuggje"

28) Det er vanleg brukt å lesa både føre og etter maten, kvar ho for seg stille. Det er berre høgtidstokvelden det blir les høgt for maten og da er det enten kusfaren eller kusmora som les. Og i gravferd og bryllup blir det sunge bordvers både føre og etter maten. Skikken både til kvardags og høgtid står ved lag i dei fleste heimane.

29) Å snakke kunne ein gjera, dersom ein ikkje var for høgmalt og tråkande. Det er vorte enda friare no til dags.

Kusbonden hadde ingen særrett framom dei andre til å tala ved bordet, og likeins er det no.

30) Ein måtte ikkje storflire ved bordet, det vart ill omtykt. Nokkone munnhell om det fins det ikkje.

31) Ja, å syngje måtte ein ikkje gjera

32) Ikkje til kvardags, når ein var mett gjekk ein frå bordet anten dei andre var ferdig eller ikkje, men i <sup>gjeste</sup>lag måtte ein vente til alle var ferdige.

6  
33) Litt av og til med det, det er  
vel og har vore fleire tinnar der  
det ikkje blir takka for maten  
til kvardags enn der det blir det.  
Der dei takkar er det tus mora ein  
takkar og tildels tus faru.

34) "Velsign maten" eller "sign maten"

35) "Nei".

36) Ingen fast regel

37) Ingen fast regel, likeins no og då.

38) Nei ikkje alltid. Nei. Likeins.

39) Ja, stundom, men vanleg blir han  
beden inn i stova, og vanleg  
et han åleine ved bordet

40) For matte ein la seg nøye til  
å forsyne seg; men det går <sup>blir</sup> etterkvart  
meir avlegg.

41) Ja. Litt stykke frå bordet, men  
ikkje vendt frå gjestet.

5908